

Forskrift om forbod mot å overføre levande sau mellom buskapar i Rogaland.

Vedteke av Mattilsynet, hovudkontoret 23. august 2010 med heimel i lov av 19. desember 2003 nr 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) § 19, jf. delegeringsvedtak av 19. desember 2003 nr 1790, jf forskrift av 27. juni 2002 nr 732 om bekjempelse av dyresjukdommer § 13.

§ 1 Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å hindra spreiing av fotrôte hos sau.

§ 2 Sakleg virkeområde

Forskrifta gjeld for sau.

§ 3 Geografisk virkeområde Forskrifta gjeld for Rogaland fylke med inndeling i fyljande soner:

a) *Sone Nord-Rogaland*: Omfattar kommunane Haugesund, Tysvær, Karmøy, Bokn, Utsira, Vindafjord, Sauda og Suldal.

b) *Sone Midt-Rogaland*: Omfattar kommunane Kvitsøy, Rennesøy, Finnøy, Hjelmeland, Strand, Stavanger, Sandnes, Randaberg, Sola, Forsand, Gjesdal, Time, Klepp og Hå.

c) *Sone Sør-Rogaland*: Omfattar kommunane Bjerkreim, Eigersund, Lund, Sokndal,

§ 4 Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

a) *Fotbading*: Vask i såpevann og så fotbading etter tilrådde rutiner med desinfeksjonsmiddel godkjent av Mattilsynet.

b) *Karantene*: Oppstalling på tørt og drenerande underlag i 1 veke. Det skal vera fotbad inn og ut av karantenen.

c) *Sau*: Hanndyr og hodyr av arten sau.

d) *Vêrlam*: Vêr som er under eitt år og som ikkje har vore brukta iavl.

e) *Veterinærattest*: Eige skjema godkjent av Mattilsynet.

f) *Eigenfråsegn*: Eige skjema godkjent av Mattilsynet.

§ 5 Overføring av sau

Det er forbode å overføra sau mellom buskapar i Rogaland fylke.

Forbodet i fyrste leden gjeld ikkje flytting av vêrar i godkjent vêrring, føring til slakt eller overføring av ikkje bandlagde buskapar til etablert fellesbeite.

§ 6 Unntak frå forbodet

Så sant ikkje anna går fram av lov eller forskrift, gjeld fylgjande unnatak frå forbodet i § 5:

a) I Sone Nord-Rogaland er det tillete å overføra vêrar innanfor sona dersom dei er fotbada, ikkje er tatt inn sau i leverandørbuskapen siste 6 månader og det er utfylt eigenfråsegn om tilfredsstillande helsetilhøve for buskapen på skjema godkjent av Mattilsynet.

b) I Sone Midt-Rogaland er det tillete å overføra vêrar innanfor sona dersom dei er fotbada inn i og ut av ei vekes karantene på tørt underlag, det ikkje er tatt inn sau i leverandørbuskapen siste 6 månader og det er utfylt eigenfråsegn om tilfredsstillande helsetilhøve for buskapen på skjema godkjent av Mattilsynet.

Dersom vêrlam i tillegg har veterinærattest, kan dei også verta overført til sone Sør-Rogaland.

c) I Sone Sør-Rogaland er det tillete å overføra vêrar innanfor sona dersom dei er fotbada, ikkje er tatt inn sau i leverandørbuskapen siste 6 månader og det er utfylt eigenfråsegn om tilfredsstillande helsetilhøve for buskapen på skjema godkjent av Mattilsynet. Dersom vêrane i tillegg står i karantene på tørt underlag i minst ei veke, kan dei også verta overført til sone Midt-Rogaland etter fotbad inn i og ut av karantenen.

Mattilsynet kan i andre høve etter søknad gje løyve til å gjera unnatak frå forbodet i § 5 dersom det ikkje stirr mot Noreg sine internasjonale plikter, under dette EØS-avtalen.

§ 7. Dispensasjon

Mattilsynet kan i særskilte høve dispensera frå føresegner i denne forskrifta dersom det ikkje stirr mot Noreg sine internasjonale plikter, under dette EØS-avtalen.

§ 8. Straff

Forsettleg eller aktlaust brot på denne forskrifta og vedtak gjeve i medhald av den er straffbart i følgje lov av 19. desember 2003 nr 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) § 28.

§ 9. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.